

TEMA: Bønder og busetnad ①37,  
Oppstadveven ①24

# Rimsvarden

## OPPSTADGOGNA – VEVREISKAP GJENNOM 3000 ÅR

I Hordaland gjekk kunsten å veva på oppstadgogn, eller åklestøyre, for det meste i gløymeboka først på 1900-talet (①24). Men i Sunnhordland har kunnskapen om denne vevinga levd lenge, og aller lengst på Tysnes, i Fitjar og i Hålandsdalen i Fusa (②41). BERTA LIARBO frå Fitjar er no ein av dei siste tradisjonsberarane, men ho har lært opp andre, slik at fleire skal kunna føra dette fine handverket vidare.

Manndalen i Troms er eit anna hovudområde for tradisjonane kring oppstadveven. Her finn vi også alderdommelege detaljar i vevinga av «grener»; ein sjøsamisk åklevariant. Det ligg nær å tenkja seg at desse teppa i sauekvitt og sauesvart liknar på dei typane som har gått under namnet «brøtkvitel» i mellomalderen; eit sengeteppe av ull med enkle bordar eller brauter som mønster.

Oppstadgogna har fått dette namnet fordi renninga er strekt mellom ein bom øvst på veven og steinar – kljåsteinar – som heng i renninga nede og held henne stram. Renninga heng altså om lag loddrett. Dette er ein vevstol som var i bruk hjå oss i forhistorisk tid; den eldste kjende vevstoltypen i Norden. I arkeologiske funn frå fleire tusen år tilbake finst det spor etter kljåsteinar som var bruka til å strekkja renninga (②18).

Vevinga byrjar oppe på bommen, og vevaren smetter innslagstråden gjennom renninga med fingerane. Innslagstråden er nøsta opp i ei «garndokke», som kan forast fram og tilbake. Kvart nytt innslag vert slått fast med vevskei. Truleg er same teknikken i bruk i dag som for fleire tusen år sidan. Det er bronsealderens vevemåte som har overlevd i dei ytre bygdene i Hordaland og hjå sjøsamane i Troms og Finnmark, heilt fram til vår tid.

**Høgt og fritt ligg RIMSVARDEN, ei veldig steinrøys på høgste nuten med vidt utsyn over Fitjar-bygda. Med sine 30 meter i tverrmål og innpå 4 meters høgd, er dette eit av dei største forhistoriske gravminna som finst i Hordaland.**



**K**ring 1790 hadde ein gjestgjevar frå Foldrøy kasta ut stein or røysa og kome ned på ei stor helle. Hella var lagd som lok over eit firkanta, fint mura gravkammer. I gravkammeret låg eit sverd og ein kniv av bronse.

Kniven kom bort, men sverdet fanst framleis på Rimbareid i 1824. Det året fekk Fitjar vitjing av W.F.K. CHRISTIE, Eidsvollsmannen, stortingspresidenten og stiftamtmannen, som året etter grunnla BERGENS MUSEUM. Han ville gjerne ha sverdet til den antikvariske samlinga, men det skulle syna seg å verta meir enn vanskeleg, sjølv for Christie. Det gamle stridsvåpenet hadde nemleg fått ei ny og fredelegare oppgåve i Fitjar-bygda: Det vart brukt «som et Middel til at skaffe Qvinder en let Forløsning». Bronsesverdet gjekk på omgang frå den eine barselstova til den andre, og etter det folk sa,

verka det framifrå, berre det vart brukt på rette måten: Strauk dei med bladet, gjekk det bra, men strauk dei med odden, gjekk det gale.

Først i 1865 kom sverdet inn til museet, og det finst framleis i Bergen Museum sine samlingar. Ytste odden og ytste delen av tangen er avbrotne og vantar. Sverdet kan daterast til siste del av eldre bronsealder, dvs. godt og vel 1000 år f.Kr. Det er eit praktvåpen som har vitna om status og makt for eigaren. Slike sverd var ikkje i kvar manns eige.

Og den store dekkhella, ho enda sine dagar på kyrkjegarden, som gravstein over ein bonde frå Rimbareid – 3000 år etter at ho vart lagd over grava til bronsealderbonden. □



### LIARBØ

LIARBØ ligg eit stykke sør for Storavatnet – eit typisk småbruk i kystbygda Fitjar. Det var her den norske tekstilforskarer MARTA HOFFMANN møtte tradisjonen med veving på oppstadvev, ein tradisjon som har vore levande i desse bygdelaga heilt fram til førre generasjon. Det er i dei ytre kystbygdene frå Sveio til Nordhordland at oppstadveven har vore halden i hevd som kvinnehushaldet, og på Fitjar og i Hålandsdalen kan kvinnene framleis denne gamle kunsten. Då Sunnhordland Museum skipa til ei utstilling i 1958 om åkleveving og oppstadgogn – eller åklestøyre som det heiter i Fitjar – kom det for dagen eit stort materiale.